



Gunnhild og Frøydis då dei overtok vertshuset på Sandakaien i 1911 (Foto: Privat)

**Systrene Nilsen er opne for alt**

Det erklærer Gunnhild Nilsen Hillestad på vegne av syster Frøydis Nilsen Mathisen og seg sjølv dagen etterat dei gjekk ut og annonserte at dei frå årsskiftet satsar på utleige av vertshuset på Sandakaien.

- Men det ville sjølvsagt ha vore kjempekjekt med ein restaurant med heilårsdrift i Uskedalen, legg ho til,



Skaldyrkveldane har vore ein fulltreffar for Systrene Nilsen (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Har dykk ein bestemt leietakar i kikkerten?
- Nei, det har vi ikkje, vi går no ut på den opne marknaden og håpar på respons. Vi har tenkt ei stund for det krev stor eigeninnsats å halda fram på denne måten ettersom vi begge er i faste jobbar. Vi har da også trappa ned verksemda ein del dei 2 siste åra samanlikna med dei 2 fyrste.
- Men no er systrene heilt på felgen?
- På ingen måte, vi angrar slett ikkje på denne satsinga men har veldig positive erfaringar av å ha vore innom denne bransjen. Vi har fått erfaringar vi ikkje ville ha vore utan og som vi vil ha stor nytte av i framtida, Men det var berre ikkje mogleg å driva sjølve fordi vi då måtte ha hatt kontroll på alt.
- Kva for ei framtid ser dykk så for huset?
- Det er jo eit stort hus med store moglegheiter for å starta fleire slags verksemdar. Vi vonar at nokon vil legge den naudsynte kreativitet og pågangsmot for dagen, seier Gunnhild som ventar spent på responsen frå den såkalla marknaden.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen